

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/6351-2

Tertialrapport 2/2017

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2017

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 0,878 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 86,550 mill. kr. Av dette vert 82,000 mill. kr avsett til bufferfond.
- 4 Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 0,400 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,548 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 0,950 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert redusert med 0,150 mill. kr.*
 - Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning vert auka med 0,300 mill. kr*
 - Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 0,800 mill. kr.*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert auka med 0,348 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med netto 0,100 mill. kr.*
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,400 mill. kr.*
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 2,000 mill. kr.*
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 3,400 mill. kr.*
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 0,248 mill. kr.*
 - Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,000 mill. kr.*
- 8 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 57,000 mill. kr med slike endringar:
 - a) Omdisponeringar innanfor samferdslesektoren:
 - Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,500 mill. kr.*
 - Teneste 7222 Fylkesvegar-drift og vedlikehald vert auka med 18,000 mill. kr.*
 - Teneste 7223 Uføresette hendingar vert redusert med 15,000 mill. kr.*
 - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 3,500 mill. kr.*
 - Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 3,700 mill. kr.*
 - Teneste 7321 Båt-skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,500 mill. kr.*
 - Teneste 7322 Båt-ekspress- og lokalruter vert redusert med 4,200 mill. kr.*
 - Teneste 7323 Båt-diverse vert redusert med 0,500 mill. kr.*
 - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr.*
 - b) *Teneste 7222 Fylkesvegar-drift og vedlikehald vert redusert med 57,000 mill. kr.*

- 9 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 57,000 mill. kr. Midlane skal nyttast til tunnelrehabilitering.
- 10 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 8,982 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2017

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 3 Ekstraordinært utbytte vert auka med 136,902 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarande.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 5 vert teken til vitande.

Vedlegg:

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T2/17.
2. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan.
3. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan.
4. Rapportering på finansporteføljen.
5. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga.

SAKSFRAMSTILLING

1. ØKONOMISK STATUS

Fylkeskommunen har dei seinare åra hatt lite fokus på organisasjonen sine aukande investeringsbehov. Dette vart difor sett på dagsorden i vår, og det vart gjort økonomiske grep for å styrke investeringsbudsjettet framover både i tertialrapport 1/17 og i økonomiplansak 2018-2021. Fylkestinget vedtok mellom anna at utbytte frå Sogn og Fjordane Holding og F1 Holding førebels skal avsetjast til fond og vurderast opp mot investeringsføre mål. Avsetjing til bufferfondet vert difor tilrådd auka med 82 mill. kr i denne saka som følgje av utbytte frå F1 Holding, jf. omtale under pkt. 2.2.

Vidare syner denne tertialrapporten eit mindreforbruk i drifta på omlag 9 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka skatteinntekter og konsesjonskraftinntekter. Fylkesrådmannen tilrår å saldere mindreforbruket med ei ytterlegare avsetjing til bufferfondet. Dei tilrådde økonomiske endringane i driftsbudsjettet som følgje av denne saka er vist i tabell i vedlegg 1.

Samferdslesektoren har utfordringar knytt til gjennomføring av tunnelrehabilitering og har eit stor mindreforbruk innanfor vedlikehald. Det vert difor gjort ein del omprioriteringar innanfor samferdslesektoren i denne tertialrapporten for deretter å kunne avsette midlar til tunnelrehabilitering seinare år. Vidare rapporterer sektoren om ekstra kostnader innanfor drift, som følgje av flaumen i Utvik 24. juli. Det vil bli søkt om skjønsmidlar frå KMD for om mogleg å få eit økonomisk bidrag til å dekke ekstrakostnadane knytt til flaumen. Vidare vil fylkesrådmannen tilrå å nytte avsett løyving på 15 mill. kr i høve uføresette hendingar til å dekke noko av desse ekstrakostnadane.

Investeringsprogrammet for bygg legg opp til ein reduksjon på om lag 48,9 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyvingar og redusert behov.

Investeringsprogrammet for veg vert samla redusert med 55,4 mill. kr, der budsjettet til skredsikring vert redusert med 58,4 mill. kr og budsjettet til ordinære fylkesveginvesteringar vert auka med 3 mill. kr.

2. DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar

Fylkesskatt

I revidert nasjonalbudsjett for 2017 (RNB) blei skatteanslaget sett ned til 1,2 %. Med bakgrunn i dette reduserte vi skatteanslaget vårt med 2 mill. kr i T1/17. Ved utgongen av juli har fylkeskommunane ein auke i skatteinngangen på 2,9 %. Dette er godt over anslaget i RNB.

Kommunalministeren har også i løpet av valkampen gitt signal på at kommunesektoren sine skatteinntekter kan bli om lag 3 mrd. kr over skatteanslaget i RNB. Dette anslaget utgjør ein vekst i 2017 på om lag 2,5 %. Det er framleis usikkert korleis auken i skatteinntektene vert fordelt mellom kommunane og fylkeskommunane, men så langt i år har veksten for kommunane vore sterkare enn for fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen rår difor til ei meir forsiktig tilnærming ved å legge til grunn ein samla vekst for fylkeskommunane på 2 %. Dette gjev grunnlag for å auke skatteinntektene med 5 mill. kr.

Rammetilskot

Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2017 vedtok Stortinget i juni endringar som gir fylkeskommunen ein auke i rammetilskotet på 0,878 mill. kr. Auken skuldast:

Auka lærlingtilskot

Lærlingtilskotet blei auka med 1000 kr per kontrakt frå 1. juli 2017. For Sogn og Fjordane gjev dette ei auka inntekt på 0,248 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at auken i rammetilskotet vert tilført opplæringssektoren.

Kompensasjon for endringar i skatte- og avgiftsreglane

Som ein konsekvens av auka minstefrådrag for pensjon og lette i privat pensjonssparing vil skatteinntektene til fylkeskommunane samla bli redusert med 30 mill. kr. For Sogn og Fjordane utgjør dette 0,630 mill. kr. Denne reduksjonen vert kompensert ved ei tilsvarande auke i rammetilskotet. Det er teke omsyn til reduksjonen i skatteinntektene i prognosen for fylkesskatt.

Samla rår fylkesrådmannen til at rammetilskotet vert auka med 0,878 mill. kr.

2.2 Lokale inntekter

Utbytte

Det er ikkje budsjettert med utbytte frå Firda Billag, men vi har no motteke 50 000 kr i utbytte frå selskapet.

Vidare har vi føresett eit utbytte frå F1 Holding/Fjord 1 AS på 30 mill. kr, med tilsvarande avsetjing til bufferfondet. Utbytte i 2017 er på 248,9 mill. kr, der 112 mill. kr er utbetalt utbytte frå Fjord1 i 2015 og i 2016. Resterande beløp - 136,9 mill. kr – er som følgje av salet av Fjord1 og skal vurderast som kapitalinntekt. Dette vert omtala under pkt. 3.3.

Samla vert utbytte auka med 82,050 mill. kr i 2017. Utbytte frå F1 Holding skal førebels ikkje nyttast til driftsføremål, men er føresett nytta som finansiering av nye investeringar. Avsetjinga til bufferfondet vert difor auka med 82 mill. kr.

Konsesjonskraft

Oppdaterte prognosar pr. 1 september gir grunnlag for å auke budsjetterte konsesjonskraft-inntekter med 4,5 mill. kr. Årsaka for auken er betre prisar på konsesjonskraft.

2.3 Kapitalutgifter

Kapitalutgiftene vert redusert med 0,4 mill. kr jf. omtale under pkt. 2.6. Reduksjonen vert vidareført i 2018.

2.4 Driftsmidlar til investering

Driftsmidlar overført til investering vert auka med 0,548 mill. kr, jf. omtale i pkt. 3.1.

2.5 Forvaltning

Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon

Ein del av honoraret til SF revisjon vert berekna ut frå medgått tid. I 2016 blei det levert mindre timar enn føreset og differansen er no blitt refundert. Dette gjev grunnlag for å redusere løyvinga i 2017. Fylkesrådmannen tilrår å redusere tenesta med 0,150 mill. kr.

Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning

Erfaringar frå omorganiseringa av driftsteknikarane syner så langt at vi får betre samordning og gjennomføring av vedlikehaldsarbeidet ved skulane og andre fylkeskommunale bygg. Det vert også i større grad enn tidlegare nytta egne tilsette til å utføre vedlikehaldsarbeid. Samordninga har medført eit større behov for reiseaktivitet, kurs m.m. Mykje av desse kostnadane som no vert dekkja av bygge- og eigedomstenesta har vore dekkja innfor teneste 5101 vedlikehald og drift av skulebygg. Fylkesrådmannen vil difor overføre naudsynte midlar, 0,300 mill. kr, til teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning frå teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg. Denne endringa vert vidareført i budsjettet for 2018/økonomiplan 2018-21.

Fylkesrådmannen tilrår å auke tenesta med 0,300 mill. kr. Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert tilsvarande.

Teneste 4800 Juridisk honorar

Tenesta har ei løyving i 2017 på 6,350 mill. kr. Av dette skal 4 mill. kr dekke ekstra kostnader i samband med SFE-prosessen.

Det er framleis stor uvisse kring kor store kostnadane for 2017 vil bli. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke budsjettet ytterlegare 0,8 mill. kr for 2017. Tenesta vil bli vurdert på nytt i samband med budsjettjusteringssaka i desember.

2.6 Opplæring

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg

Flytting som følgje av omorganisering av driftsteknikarane

Jf. omtale under pkt. 2.5 vert tenesta redusert med 0,3 mill. kr.

Tilbygg på Eid - forseinka framdrift

I investeringsbudsjettet er det er løyvd 7 mill. kr til tilbygg på Eid vgs. i 2017. Prosjektet føreset at Eid kommune forpliktar seg til ein 10-årig leigeavtale, der leigeinntektene skal dekke kapital- og driftsutgiftene fylkeskommunen får i samband med tilbygget. Prosjektet er enno ikkje kome i gong, og som følgje av dette vert både forventta leigeinntekter, driftsutgifter og kapitalutgifter endra. Leigeinntektene er budsjettert på teneste 5101, og tenesta er blitt redusert med 0,4 mill. kr for å dekke auken i kapitalutgifter. Når vi no ikkje får kapitalutgifter knytt til dette prosjektet vert reduserte kapitalutgifter ført tilbake til teneste 5101. Det vert førebels lagt opp til at leigeavtalen startar frå 2019 slik at fylkesrådmannen tilrår at denne tilbakeføringa vert vidareført i 2018.

Samla medfører dei tilrådde endringane ein netto auke på tenesta på 0,1 mill. kr i 2017.

Teneste 5151 Fellesutgifter

Arbeidet med nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt skole) er omfattande, og forseinka framdrift medfører noko forskyving og auke i kostnader. Det er framleis uvisse i høve når nytt system kan rullast ut i Sogn og Fjordane. Forskyvinga medfører reduserte kostnader i 2017 på om lag 2,4 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 2,4 mill. kr i 2017 med ein tilsvarande auke i budsjettet for 2018.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

I samband med omstillingsarbeidet i fylkeskommunen er budsjettet for omstillingsmidlar auka i ein overgangsperiode. Prognosen for 2017 tyder på at behovet for omstillingsmidlar er mindre enn budsjettet. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 2 mill. kr i 2017.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma*Manglande innsparing – oppbygg av faga i arbeidsåret*

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er løyvinga til opplæringstilbodet frå hausten 2017 redusert med 12 mill. kr årleg, som følgje av iverksetting av innsparingstiltaket oppbygging av faga i arbeidsåret. Ei nærare konkretisering av tiltaket viser manglande innsparing på 2,5 mill. kr årleg. Verknaden for 2017 er eit meirforbruk på om lag 1,2 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka tilsvarande.

Buffer anslagsløyvingar

Tilrådde endringar på teneste 5101 og 5701 har tilsvarande inntekter/utgifter på andre sektorar og gir ein netto auke i sektorbudsjettet til opplæring på 0,348 mill. kr. Tilrådde endringar på dei andre tenestene gir eit netto mindreforbruk på opplæringssektoren på 2,2 mill. kr. Fylkesrådmannen varslar i denne saka at det kan verte eit vesentleg meirforbruk knytt til opplæring i bedrift, og det er uvisse knytt til konsekvensane av friare skuleval over fylkesgrenser. Fylkesrådmannen tilrår difor at mindreforbruket på 2,2 mill. kr vert avsett på bufferen for anslagsløyvingar i 2017.

Teneste 5202 Gjestelevar

I budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 heiter det m.a.:

Stortinget vedtok ny lov om endringar i opplæringslova (friare skuleval over fylkesgrenser, praksisbrevordninga m.m. LOV-2016-06-17-67), gjeldande frå 01.08.2016. Dette inneber at fylkeskommunane, frå skuleåret 2017-2018, har plikt til å handsame søkjarar frå andre fylke, ved ledig kapasitet. Lovendringa vil truleg medføre monaleg auke i kostnader for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Som følgje av stor uvisse knytt til korleis lovendringa vil slå ut, er den økonomiske ramma for gjesteelevar ikkje endra. Fylkeskommunen må nytte det komande året til å skaffe seg røynsle med ordninga.

Konsekvensane for 2017 er enno ikkje kjent. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til saka når naudsynt informasjon ligg føre.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift*Auka lærlingtilskot*

Jf. pkt. 2.1 vert tenesta auka med 0,248 mil. kr som følgje av auka lærlingtilskot.

Prognose tilskot lærebedrifter

Prognosen for 2017 tyder på eit meirforbruk på tenesta på om lag 8,0 mill. kr som følgje av auke i tal lærekontraktar (tal tilskotsmånader). Dette er om lag 4,0 mill. kr meir enn forbruket i 2016. Løyvinga er ei anslagsløyving og det er difor stor uvisse knytt til prognosen. Fylkesrådmannen rår til at naudsynt budsjettjustering vert nærare vurdert i samband med budsjettjusteringssaka i desember.

Teneste 5702 Fagprøvar

Prognosen for 2017 tyder på eit meirforbruk på tenesta på om lag 1,0 mill. kr som følgje av auke i tal fagprøvar. Dette er ein auke på om lag 0,4 mill. kr samanlikna med forbruket i 2016. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka med 1,0 mill. kr. Auken vert tilrådd vidareført i budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

2.7 SamferdsleTeneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Mindreforbruk på løyvingar knytt til kollektivtransport kan i følgje budsjettreglementet pkt. 2.5.7 overførast til fylkesveg/fylkesvegferjer og nyttast der. Ut frå dette vil fylkesrådmannen tilrår at teneste 7221 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,5 mill. kr. Midlane vert omdisponert frå kollektivbudsjettet jf. omtale nedanfor. Løyvinga skal dekke meirbehov på investeringsbudsjettet.

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald

Statens vegvesen rapporterte ved utgangen av 1. tertial 2017 ei prognose på om lag 45 mill. kr i mindreforbruk. Dette skuldast forseinkingar knytt til tunnelvedlikehald. Det vart ikkje gjort noko med løyvingnivået i 1. tertialrapport då fylkesrådmannen ville sjå utviklinga vidare utover året. Det vart signalisert at ved eit stort mindreforbruk knytt til tunnelvedlikehald vil det bli vurdert å avsette noko av årets løyving til disposisjonsfond for bruk i 2018, då mindreforbruket skuldast forseinkingar. Vidare er tunnelvedlikehald eit prioritert område som vi må nytte store ressursar på framover for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta.

Statens vegvesen melder no, pr. 2 tertial, ei samla prognose på om lag 52 mill. kr inkl. mva i mindreforbruk.

Innanfor drift har vi eit meirforbruk på 38 mill. kr. Av dette er om lag 30 mill. kr knytt til flaumen i Utvik 24. juli. Kostnadane knytt til reparasjonane på fv. 60 i Utvik er førebels på om lag 65 mill. kr. Om lag 35 mill. kr av kostnadane kjem i 2018/2019.

Det vil bli søkt om skjønsmidlar frå KMD for om mogleg å få eit økonomisk bidrag til å dekke dei ekstrakostnadane vi har fått knytt til flaumen. Vidare vil fylkesrådmannen tilrå å nytte avsett løyving på 15 mill. kr i høve uføresette hendingar til å dekke noko av desse ekstrakostnadane.

Innanfor vedlikehald melder Statens vegvesen om eit mindreforbruk på 90 mill. kr. Dei største avvika er knytt til :

- Mindreforbruk på om lag 103 mill. kr pga. forseinkingar med tunnelrehabiliteringa på fv. 55 i Luster og i Hovdetunnelen i Høyanger.
- Rehabiliteringa av fv. 55 Kvernhaugtunnelen har eit meirforbruk på om lag 9 mill. kr grunna meir omfattande arbeid.
- Fv. 55 Høyangertunnelen har 22,5 mill. kr i meirforbruk. Fylkesrådmannen vil her nemne at prosjektet er føresett å bli ferdig i løpet av 2017, men at slutfakturaen kan komme i 2018.
- Bru- og ferjekaivedlikehald har eit mindreforbruk på 27,5 mill. kr. Dette er hovudsakleg knytt til fv. 542 Osstrupen bru, der vi no forventar oppstart i oktober.
- Dekkelegging har eit meirforbruk på om lag 11 mill. kr.
- Vegutstyr, miljø og andre tiltak har eit mindreforbruk på om lag 2 mill. kr.

Prognosane og løyvingane til Statens vegvesen er inkl. mva. Då fylkeskommunen sitt budsjett er ekskl. mva vert det naudsynt å korrigere for mva for å få det korrekte mindreforbruket. Forventa mva-kompensasjon er redusert med 13 mill. kr, slik at prognosen på mindreforbruk innanfor drift og vedlikehald vert redusert frå om lag 52 mill. kr til om lag 39 mill. kr.

Mindreforbruk på løyvingar knytt til kollektivtransport kan i følge budsjettreglementet pkt. 2.5.7 overførast til fylkesveg/fylkesvegferjer og nyttast der. Ut frå dette vil fylkesrådmannen tilrå at 3 mill. kr vert omdisponert frå kollektiv til drift og vedlikehald, jf. omtalar nedanfor.

Når vi tek omsyn til tilrådde omdisponeringar knytt til kollektiv og uføresette hendingar på samla 18 mill. kr vert det samla mindreforbruket på drift og vedlikehald på 57 mill. kr. Dette mindreforbruket vil fylkesrådmannen tilrå å avsette til disposisjonsfond for å sikre tilstrekkelige løyvingar knytt til tunnelrehabilitering seinare år. Løyvinga på tenesta vert difor tilrådd redusert med 57 mill. kr med ein tilsvarende avsetting til disposisjonsfond.

Teneste 7223 – uføresette hendingar

Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga på 15 mill. kr som er avsett i høve uføresette hendingar vert nytta til å dekke delar av kostnaden knytt til flaumen i Utvik 24. juli. Løyvinga vert tilrådd overført til teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald.

Tenesta vert tilrådd redusert med 15 mill. kr.

Teneste 7306 Diverse kollektiv

Løyvinga på tenesta vert tilrådd redusert med samla 3,5 mill. kr. Dette mindreforbruket er knytt til:

- Terminalar og venterom – 0,7 mill. kr

- Rutehefte – 0,7 mill. kr
- Uføresette kostnader – 0,6 mill. kr
- Driftskostandar på billettutstyr – 1,1 mill. kr
- Informasjon/marknadsføring – 0,4 mill. kr.

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Løyvinga vert tilrådd auka med 3,7 mill. kr grunna flytting av kostnader i samband med ruta Kaupanger – Frønningen frå programområde 732 Båtruter, jf. omtalen under teneste 7322 Båt – ekspress og lokalruter.

Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender

Grunna innføring av Autopass på nokre ferjesamband fell ferjekostnaden vekk for elevar i vidaregåande skule på desse sambanda. Dette utgjer eit mindreforbruk på tenesta på om lag 0,5 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår å redusere løyvinga på tenesta tilsvarande.

Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter

Ferja mellom Frønningen og Kaupanger er ein del av kontrakten som omfattar båtrutene i Høyanger, Vik og Lærdal. Av omsyn til riktig KOSTRA-rapportering blir løyvinga på 3,7 mill. kr knytt til Frønningen-Kaupanger tilrådd flytta til programområde 731 Fylkesvegferjer.

I tillegg er det eit mindreforbruk knytt til regulering av båtkontraktane på om lag 0,5 mill. kr.

Tenesta vert tilrådd redusert med samla 4,2 mill. kr.

Teneste 7323 Båt – diverse

Kontraktsgodtgjersla til gods båten etter regulering vart noko lågare enn budsjettert. Vidare er det ein nedgang i bruk av ungdomskort på båt. Samla gjev dette eit mindreforbruk på om lag 0,5 mill. kr. Tenesta vert tilrådd redusert med 0,5 mill. kr.

Teneste 7331 Tilrettelagt transport

Serviceskyss er lagt inn i anbudskontraktane i Sunnfjord og Sogn. Erfaringar så langt både med anboda og bruk av serviceskyssrutene gjer at vi kan tilrå å redusere løyvinga til serviceskyss med 0,5 mill. kr.

Oppsummering kollektiv

Mindreforbruk på løyvingar knytt til kollektivtransport kan i følgje budsjettreglementet pkt. 2.5.7 overførast til fylkesveg og nyttast der. Ut frå dette vil fylkesrådmannen tilrå å omdisponere mindreforbruk knytt til kollektiv på samla 5,5 mill. kr til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering med 2,5 mill. kr og til teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald med 3 mill. kr. Vidare vert det tilrådd å flytte 3,7 mill. kr frå teneste 7322 Båt – ekspress og lokalruter til teneste 7310 fylkesvegferjer.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogrammet for bygg

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla reduksjon i investeringsprogrammet for bygg på om lag 49,8 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyvingar og redusert behov. Fylkesrådmannen føreset at reduserte løyvingar som følgje av tidsforskyvingar vert løyvd opp att i investeringsprogrammet i budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021.

Endringar for prosjekt som ikkje gjeld tidsforskyvingar er omtala under.

EK001 Eigenkapitalinnskot KLP

Det er budsjettert med 2 mill. kr årleg til eigenkapitalinnskot i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Innskotet vert definert som eit aksjekjøp. I 2017 er eigenkapitalinnskotet 0,4 mill. kr høgare enn budsjettert, og fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert auka tilsvarande. Løyvinga vert finansiert med driftsmidlar til investering.

EK006 AksjekjøpSF-Holding - kapitalauke

I ekstraordinær generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS (SF-Holding) den 31.mars 2017 vart det vedteke å utvide aksjekapitalen i selskapet med 2 960 902 nye aksjar pålydande 0,05 kr, til saman 148 045,10 kr. Grunngevinga for denne kapitalauken var at selskapet hadde behov for likvide midlar til å dekke ulike kostnader som følgje av overdraginga av fylkeskommunen sin aksjepost i SFE. Fylkeskommunen sin eigarrepresentant teikna fylkeskommunen for 2 960 902 nye aksjar på til saman kr 148 045,10.

Ved ein inkurie vart ikkje aksjekjøpet teke inn i tertialrapport 1/17. Fylkesutvalet vart i møte den 23. august 2017 orientert om at aksjekjøpet har blitt gjennomført utan budsjettdekning, samt at dette vil bli retta opp i tertialrapport 2/17. Fylkesrådmannen tilrår difor no å løyve 148 045,10 kr til kjøp av aksjar i SF-Holding AS. Aksjekjøpet vert finansiert med driftsmidlar til investering.

NY001 Skulebruksplan

På grunn av endra framdrift og behov vert løyvinga redusert med 28 mill. kr i 2017. Fylkesrådmannen vil ta stilling til behovet framover i arbeidet med budsjettet for 2018/økonomiplan 2018-21.

SA001 Elektronisk billetering

Prosjektet syner eit mindreforbruk på 2,4 mill. kr. Mindreforbruket skuldast at vi har fått ein ny type billettmaskiner som er billegare enn dei gamle. I tillegg er det lag til grunn fleire maskiner enn det som vart naudsynt. Prosjektet vert redusert med 2,4 mill. kr i 2017.

KU002 Fellesmagasin for musea

Prosjektet syner eit meirforbruk på 0,954 mill. kr. Dette skuldast at løyvinga for 2017 ved ein inkurie blei redusert for mykje i T1/17, samt auka kostnader i 2017. Fylkesrådmannen tilrår difor å auke løyvinga til prosjektet med 0,954 mill. kr i 2017.

3.2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar

Fylkesrådmannen tilrår i denne tertialrapporten ein samla reduksjon i investeringsbudsjettet i 2017 på 55,4 mill. kr, frå 364,4 mill. kr til 309,0 mill. kr. Budsjettet til skredsikring vert redusert med 58,4 mill. kr og budsjettet til ordinære fylkesveginvesteringar vert auka med 3 mill.kr.

Skredsikring på fylkesvegnettet

I det følgjande vert det gjort nærare greie for dei største tilrådde endringane i investeringane på skredsikring. Detaljert investeringsprogram for skredsikring følgjer i vedlegg 3.

- Til disposisjon vert redusert med 50,2 mill. kr. Den ufordelte løyvinga til skredsikring vert ikkje nytta i år då vi ikkje har nye skredsikringsprosjekt klare. Løyvinga vert difor redusert for å tilpasse budsjett til forbruk. Fylkesrådmannen syner til praksis om at mindreforbruk av statleg løyving vert overført til bruk neste år, og føreset at denne praksisen vert vidareført.
- Fv. 053 Eldegardsbergi vert redusert med 2,4 mill. kr grunna redusert prognose etter tilbodsopning.
- Fv. 242 Skjerdalsberget vert redusert med 1,4 mill. kr grunna redusert prognose etter tilbodsopning.
- Fv. 243 Raudberg vert redusert med 1,5 mill. kr grunna redusert prognose etter tilbodsopning.
- Fv. 722 Flovegen (prosjektering) vert redusert med 2,8 mill. kr grunna at vi må vente med prosjektering til vi er sikre på at løysingane i reguleringsplanen vert godkjente.

Finansieringsplanen vert tilsvarande endra med ein reduksjon på 58,4 mill. kr, der 47,2 mill. kr er statleg tilskott og 11,2 mill. kr er mva. kompensasjon.

Ordinære investeringar på fylkesvegnettet

Budsjettet til ordinære investeringar blir samla auka med 3 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til auka behov til planlegging slik fylkesrådmannen varsla om i tertialrapport 1/17. Detaljert investeringsprogram følgjer i vedlegg 3.

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei største tilrådde endringane i investeringane:

- Fv. 31 Daløy ferjekai vert auka med 0,575 mill. kr grunna auka kostnader med m.a. grunnkjøp og reparasjon etter undersjøisk ras.
- Fv.53 Holsbru brøyttestasjon vert redusert med 0,250 mill. kr grunna mindre kostnadar til prosjektering.
- Planlegging og prosjektering vert auka med 2,8 mill. kr grunna meirbehov knytt til fleire planprosjekt, m.a. Kystvegutgreiinga med 0,6 mill. kr, fv. 698 Blaksettunellen med 1 mill. kr, og planlegging av mindre tiltak i samband med RTP-abeidet med 0,4 mill. kr.

Auken i investeringsbudsjettet vert finansiert med 2,5 mill. kr i driftsmidlar til investering og 0,5 mill. kr i mva. kompensasjon.

3.3 Lokale inntekter

Fylkeskommunen har fått eit utbytte frå F1 Holding AS på 136,9 mill. kr i 2017, som følge av nedsalet i Fjord 1 AS. Denne delen av utbyttet er ei kapitalinntekt og skal først i investeringsrekneskapan.

Fylkesrådmannen tilrår at utbytte vert auka med 136,9 mill. kr, med tilsvarande avsetjing til investeringsfond.

Det vert no arbeidd med å gjennomføre ei ekstraordinær generalforsamling i F1 Holding for å ta ut mest mogleg av salsbeløpet. Beløpet er enno ikkje kjend, men vil truleg ligge i overkant av 155 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i budsjettendringssaka i desember.

4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT

Rapportering på finansporteføljen per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/17. Rapporten følger som vedlegg 4.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/17. Rapporten følger som vedlegg 5.